

Arbeids- og sosialdepartementet
Postboks 8019 Dep
0030 OSLO

Dykker ref.

Vår ref.
21/146-1/JIF

Dato
25.02.2021

Høyringssvar til framlegg om endring av øvre aldersgrense i lov om aldersgrenser for offentlige tjenestemenn mfl.

Språkrådet viser til framlegg om endring av øvre aldersgrense fra 70 til 72 år i lov om aldersgrenser for offentlige tjenestemenn mfl. (aldersgrenseloven). Språkrådet ser at det kan vera ulike ønske i gruppa av seniormedarbeidarar, og me er difor usikre på om ei generell endring av aldersgrensa vil dekkja behovet for individuell tilrettelegging i arbeidsforholdet. Me minner om at aldersgrenselova § 3 i dag gjer det mogleg for ein tilsett å stå i arbeid ut over ordinær aldersgrense, i dag fram til fylte 75 år. Denne ordninga bør kunna nyttast oftare, og me meiner det er grunn til å tru at ho dekkjer behovet som tilsette og verksemder har for individuell tilpassing.

Dersom det er aktuelt å gå vidare med framlegget om endring av den øvre aldersgrensa, meiner Språkrådet at det vil vera naudsynt å sjå nærmare på innrettinga til dei seniorpolitiske insentivordningane som er skildra i pkt. 5.2 i høyringsdokumentet. Ei utviding av aldersgrensa vil føra til at ein større del av medarbeidarane i statlege verksemder vil vera omfatta av dei særskilde insentivordningane som ligg i lov- og avtaleverket (ei ekstra ferieveke, inntil 14 dagar tenestefri med løn, individuell tilrettelegging av arbeidsoppgåver og redusert arbeidstid (jf. arbeidsmiljølova § 10-2). Med ei utviding av aldersgrensa vil to nye alderskohortar bli omfatta av desse ordningane. Om ein legg til grunn at ei utviding av aldersgrensa faktisk verkar etter intensjonen, vil det få konsekvensar både i den einskilde statlege verksemda og på akkumulert nivå. Det vil innebera at arbeidsgjevaren har særskild aldersbasert tilretteleggingsplikt for ein større del av arbeidstakargruppa, og at gruppa av medarbeidarar som både har ei ekstra ferieveke, og som fell inn under ordninga tenestefri med løn («seniordag-ordninga»), vil bli større. Ei endring av § 2 i aldersgrenselova vil òg gjera det naudsynt med ei vurdering av § 3.

Etter ei samla vurdering meiner Språkrådet at det regelverket ein har i dag, i tilstrekkeleg grad sikrar den naudsynte fleksibiliteten for den einskilde arbeidstakaren og for verksemndene, og me rår difor til å halda lova uendra.



Postadresse
Postboks 1573 Vika
NO-0118 Oslo

Besøksadresse
Observatoriegata 1 B
NO-0254 Oslo

Sentralbord
+47 22 54 19 50

E-post
post@sprakradet.no
Internett
www.sprakradet.no

Organisasjonsnummer
971 527 404

Vennleg helsing

Åse Wetås
direktør

Jo Inge Fisketjøn
stabssjef

Brevet er elektronisk godkjent og blir sendt utan underskrifter.

Mottakarar:

Arbeids- og
sosialdepartementet

Postboks 8019 Dep 0030 OSLO